

Meir om koret

Koret vart starta i 1929 som eit fellestiltak av bygdelaga i bygdelagssamskipnaden i Oslo og er eit lag under Noregs Ungdomslag.

Koret legg vekt på å presentere tradisjonelle songar i både nye og kjente arrangement. Koret har sidan tidleg på 90-talet lagt sterkare vekt på norske folketonar. Det kjem fram både i val av repertoar og i stemmebruken og sangteknikken i framføringa. Vi har hatt glede av å samarbeide med fleire musikarar og songarar i desse åra, noko som har medverka til å utvikle folketoneklagen i koret. Koret har bunad som kordrakt, og har medlemmer frå mange delar av landet. Dirigent for koret Anne-Line Sandegren.

>> [Les meir om dirigenten](#)

Her finn du litt om større konsertar dei siste åra. I tillegg har koret små og store oppdrag, som til dømes på konferansar. Kvart år held vi ein julekonsert.

2010

Tur til Hardanger, opptreden på handverksmessa i Jondalen, på Kinckdagane og i Ingebrigt Vik museet. [Bilete frå turen](#). Opptreden på Asker museum og Norwegian evening på Frognerseteren. Julekonsert i Gamlebyen kirke: [Maria og rosa](#) (pdf)

2009

Julekonsert, Kampen kirke ([program](#), pdf)
Jubileumskonsert, Bygdelagssamskipnaden ([program](#), pdf)
Sang på åpninga av [Bygdeutstillinga i Åseral](#).
Konsert på Sveindal museum
[Konsert i fjellhallen, Lindesnes fyr](#).

2008

Tonelys - julekonsert i Kampen kyrkje
Den fyrste song - Ei musikalsk vandring i norsk folkesong- og salmetradisjon. Vårkonsert i Håndverkeren

2007

Årets julekonsert var i Paulus kyrkje.
Konsert under [Musikkfest Oslo 2007](#)
Opptreden i samband med åpninga av den internasjonale sommarskolen, Universitetets aula.
Konsert på [Kistefos-museet](#)
Konsert i [Rørosmuseet - Smeltehytta](#)

2006

Årets julekonsert var i Margaretakyrkan i Oslo.
Konsert på Fabrikken på Grünerløkka i Oslo.
[Tur til Irland](#) og deltaking på [Ballyshannon folk festival](#)
Sang på festgudsteneste i Slottskapellet, og på kyrkjekaffi, i samband med Noregs mållags 100-årsjubileum.

2005

Tradisjon og impuls: Konsert i Kongsberg kyrkje i samarbeid med felespelar Anne Svånaug Haugan, Svein Westad og [Kongsberg Spel og dansarlag](#).
Same konsert vart og held i Kampen kyrkje i Oslo
Les omtale av konserten i [Laagendalsposten](#):
[Folkelig og religiøs høytid](#) (17.4.2005)
[Historisk kirkedans](#) (31.3.2005)
Deltaking på [Grieg Internasjonale Korfestival](#) Bergen - [Festivalen si heimeside](#)

2004

Bergtatt
75-års jubileumskonsert i Kulturkirka Jakob i samarbeid med Paul Åge Johannesen.
Konsert ved opninga av sommaruniversitetet i unversitetets Aula.

2003

Soga om Torbjørn Trondson
Konsert ved amatørteaterfestivalen på Det norske teateret. Samarbeid med Paul Åge Johannesen, felespelar Kenneth de Gala og Oslo Songdanslag.
Konsert i Tuddal kyrkje og Bø kyrkje.
Tur til Cuba og Internasjonal korfestival i Santiago de Cuba. Samarbeid med felespelar Anne Svånaug Haugan og Oslo Songdanslag.

2002

Tur til Sunnhordaland: Konsert 17. mai kl.18.14 i Kvinnerad kyrkje, Rosendal.
Konsert 18. mai, Ugddal kyrkje saman med Åsne Sunniva Søreide. Konsert 19. mai i Moster Amfi, Bømlo.

2001

Julekonsert med INTI, musikarar frå Chile og Bolivia. Framføring av **Misa Criolla og Navidad Nuestra**, sistnemte omsett til nynorsk av Ragnar Hovland på bestilling.



Foto: Rolf Dybvik, Lindesnes fyr, 2009.



Frå Ballyshannon folk festival, august 2006



Frå Kongsberg kyrkje.
Gjengitt med tillatelse frå fotografen Jan Storfossen, Laagendalsposten

2000

Konsert på Dei Nynorske Festspela ved opninga av Ivar Aasen-tunet.

1999

70-års jubileumskonsert i Lindeman-salen på Musikkhøgskolen. Samarbeid med felespelar Torgeir Leivdal.

Deltaking under folkemusikkdagane på Ål. Framføring av Gjenta, komponert til Bygdelagskoret av Henning Sommero, tekst av Jakob Sande.

Bygdelagskoret www.bygdelagskoret.org
1.3.2011